



Stien ned lia til Mannsvatnet vert drenert og merkt. F.v: Lars Myklebust, Knut Steinsletten, Svein Rimestad, Pål Haugland og Bjarne Lilleaas. Audun Eik var også med. Her er han fotografen.

Dugnadsgruppa med Pål Haugland som leiar er godt i gang med arbeidet denne hausten. Torsdagen er den faste dugnadsdagen og kvar gong møtest 5 - 8 personar til nyttig arbeid som kjem allmenheten til gode. Det siste oppdraget er forbetring av stien på Hauglandsfjellet, frå toppen og ned lia til Mannsvatnet og Fjelly.

Traseen har alltid vore våt og delvis uklar. I skodda og uklart ver er det lett å koma bort frå stien. No er traseen grøfta og drenert. Det er leita fram heller og flate steinar i område og lagt på plass. Stien er lagt litt om og merka med raude stikker. Lengda på stien ned lia kan vera om lag 3 - 400 meter.

Den neste arbeidsoppgåva for Dugnadsgruppa er arbeid på idrettsbanen Heio. Det er høve til å vera med i Dugnadsgruppa. Frammøte er kvar torsdag kl. 09.30.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Audun Eik